

# Konkurransegrunnlag

Juni 2026



Sunnfjord  
kommune

# **Vedlegg 1, Totalentreprise**

## **Offentleg leikeplass Storehagen/Langebruvegen i Førde**

### **Funksjonsbeskrivelse**



## Innhold

<b>Offentleg leikeplass Storehagen/Langebruvegen i Førde .....</b>	<b>2</b>
1 Innleiing .....	4
1.1 Generelt .....	4
2 Generelle ytingar .....	4
2.1 Generelt .....	4
2.2 Prosjektering .....	4
2.3 Fellesytingar .....	4
3 Omtale av arbeida .....	5
3.1 Generelt .....	5
3.2 Føresetnad for utforming .....	6
3.2.1 Tilpassing til omgivnaden .....	6
3.2.2 Grøderike Sunnfjord .....	7
3.2.3 Generasjonsleikeplass .....	8
3.3 Krav til materiale og utføring leikeplassar .....	9
3.4 Leikelandskap .....	10
3.5 Inngjerding .....	11
3.6 Universell utforming .....	11
3.7 Lysanlegg .....	11
3.8 Gangveg gjennom området .....	11
3.9 Vatn og overvasshandtering .....	12
4 Park og Hage .....	12
5 Opsjon drift og vedlikehald .....	12

# 1 Innleiing

Formålet med dette dokumentet er å beskrive kva tiltak som skal gjennomførast i samband med å få etablert ein kvartalsleikeplass i området nord for Scandic Sunnfjord Hotel ved Storehagen/Langebruvegen.

## 1.1 Generelt

Sunnfjord Kommune ( SK ) inviterer med dette til konkurranse der kvalifiserte tilbydarar vert inviterte til å levere tilbod på opparbeiding av ein offentlig leikeplass med tilhøyrande spesifikasjon og teikningar.

Formålet med konkurransen er å få engasjert totalentreprenør med sine kontraktsmedhjelparar til å planlegge, prosjektere og lage til uteanlegg som stettar krav til utføring i denne funksjonsbeskrivinga. Kommunen sin «Norm for uteoppfallsareal» vil vere eit rettleiande dokument for utforming av kvartalsleikeplass. Arealet på 540 m2 skal tilretteleggast for leik og opphald.

Konseptet som Flataker landskap har utarbeidd vert lagt til grunn for oppdraget.

Kontraktsform for prosjektering- og gjennomføringsfasen er NS 8407. For meir utfyllande opplysningar om gjennomføring av konkurransen vert synt til i hovuddokument.

## 2 Generelle ytingar

### 2.1 Generelt

Entreprenøren har ansvaret sjølv for å gjere seg kjend i anleggsområdet og ta alle kostnader som er naudsynt for å gjennomføre oppdraget.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og bestemmingar for normale toleranseklassar i NS 3420.

### 2.2 Prosjektering

Konstruksjonar skal prosjekterast i samsvar med /etter gjeldande NS-EN standardar.

### 2.3 Fellesytingar

Kapittelet skal innehalde alle utgifter til rigging, nedrigging og drift for alle kontraktarbeida. Entreprenøren må sjølv ordne med alle nødvendige anlegg og løyver som ikkje er medteke under byggherren sine ytingar for å gjennomføre prosjektet.

Dette inkluderer m.a. følgjande ( opplistinga nedanfor er ikkje fullstendig ):

Administrasjon, prosjektering mv.

Entreprenør skal i tillegg til sin administrasjon av prosjektet generelt, også stå for all prosjektering og inkludere vidare arbeid med SHA-plan inkludert mellom anna risikoanalysar, rolle som KP og alle tiltak nemnt i plan/tiltak i revidert plan og entreprenøren sine interne prosedyrar.

Tilrigging på byggeplass

Byggherren ordnar med naudsynte løyve og arealbruk, men entreprenøren må utarbeide riggplan som syner omfang av riggområdet.

Transport, adkomst etc.

Alle kostnader i samband med transport av utstyr og mannskap til og frå anleggsområdet skal inkluderast her. Det gjeld og forpleiing/overnatting.

Anleggsområdet skal sikrast med byggegjerder for å hindre at uvedkomande kan kome inn i pågåande arbeidsområde. Inn- og uttransport av utstyr og massar må sikrast med portar.

### Dokumentasjon

Entreprenøren skal levere FDV-Dokumentasjon. Alle teikningar, skjema og dokumentasjon skal leverast «som bygt». Dokumentasjon leverast som PDF-filer. I tillegg skal teikningar leverast i dwg-format. Dokumentasjonen skal leverast 7 dagar før overtaking. Dokumentasjon leverast på minnepenn.

### Rapportering

Det skal utarbeidast rapportar kvar 14. dag iht. SHA-arbeid.

### Avfall

Det skal på slutten av kvar arbeidsdag ryddast og boss plasserast i avfalls-container. Alt avfall skal leverast til godkjent deponi. Det skal vere minimum 90% kildesorteringsgrad av bygg- og anleggsavfall.

### Forsikring, gebyr og liknande

Entreprenøren skal forsikre anlegget fram til overtaking.


Tiltakshavar dekker gebyr i forbindelse med offentlege søknader (byggesøknad).

## 3 Omtale av arbeida

### 3.1 Generelt

Tiltaket vil vere søkepliktig etter PBL og vil vere totalentreprenøren ( TE ) sitt ansvar.

Funksjonsbeskrivinga er basert på konseptet som Flataker Landskap har utarbeidd i vedlegg V07 ( Ideskisse utomhusplan) og V08 – Norm for uteopphaldsareal\_rev2023. Riving av Sunnfjord Hotel sitt lager samt tillaging av arealet for bussparkering er ein del av oppdraget (sjå sporingskurve for buss i fig.4).



Figur 1: Konseptskisse frå Flataker Landskap datert 06.10.2023

Konseptskissa i fig. 1 viser prinsipp for utforming av leikeplass. Tilbyder står fritt til å løyse oppdraget på anna måte så lenge føresetnadane som er nedfelt i kap.3.2 vert lagt til grunn. I vedlegg V08 står det oppført eit krav om 5 leikeapparat. Dette kan kompenseras med andre kvalitetar i utforming og ev. fleirbruk. Den overordna intensjonen for leikeplassar i sentrum er omtala i kap.5.3 i Norm for uteopphaldsareal (V08): «Kombinert leik- og uteopphaldsareal skal ha ei utforming som dekkjer alle aldersgrupper sine behov for aktivitet og trivsel. Områda skal formast som trygge møteplassar, og tilføre bumiljøet og sentrum kvalitet som uteopphaldsareal».

Kommunen vonar at «design and built» konkurranse vil medføre at vi får ei endå betre, meir kreativt og godt utforma uteanlegg. Det er eit mål at anlegget vil gje god stimulering og aktivitet for dei unge, samtidig som kostnaden er innanfor den ramma som vi har.

## 3.2 Føresetnad for utforming

### 3.2.1 Tilpassing til omgjevnaden

Leikearealet grensar i nord mot gang- og sykkelveg langs Løken, i aust mot leilegheitsbygg, i sør mot parkeringsplassen og bussoppstillinga til Sunnfjord hotell og i aust mot parken til Sunnfjord hotell.



*Figur 2: Gang- og sykkelveg langs Løken våtmarksområde. Tilkomst til framtidig leikeplass skal også binde saman tilkomst til hotellparken (foto: Sunnfjord kommune).*



*Figur 3: Muren mot Langebruvegen 23-25 blir grensa for leikeplass i aust (foto: Sunnfjord kommune).*





Figur 4: Verkstadskur på nordsida av Sunnfjord hotell skal rivast for å gje plass til parkering av bussar (foto: Sunnfjord kommune).

Sunnfjord hotell sine føringar for arealet i sør: «Kommunen kostar og river «skur» på nordveggen av hotellet. Vidare opparbeider dei areal på nordsida slik at 2 bussar kan stillast opp der, samt kunne snu og køyre ut igjen». Hotellet har fått utført prøvekjøring med bussar og stadfesta at manøvreringa som er vist i skissa nedanfor er mogeleg.



Figur 5: Spøringsanalyse utført av Norconsult 01.07.2025 viser manøvrering av buss som skal parkere på nordsida av Sunnfjord hotell.

Stadeigen identitet er ein føresetnad for utforminga.

### 3.2.2 Grøderike Sunnfjord

Delar av finansieringa til opparbeiding av dette arealet kjem frå midlar til prosjektet «Grøderike Sunnfjord». Det vert føresett at minst 10% av arealet vert tilrettelagt som dyrkingsfelt for nyttevekstar. Eksempel på nyttevekster: opphøgde bed med urter og grønsaker, bærbusker og frukttre.


Forslag til planteplan må også innehalde forslag til drift og vedlikehald av grøntanlegget. Det vert lagt opp til opsjon på 2 år drift og vedlikehald før eventuelt frivillige tek over stell av plantar.



Figur 6: Bilete frå dyrkingshage på Nordfjordeid (foto: Sunnfjord kommune)

### 3.2.3 Generasjonsleikeplass

Eksempel på aktivitetar: balanse og utandørs sjakkbord.



Figur 7: Eksempel på generasjonsleikeplass i Berlin (foto: J.Daling, Sunnfjord kommune)



Figur 8: Eksempel på aktivitet som kan vere attraktiv på tvers av generasjonar.



### 3.3 Krav til materiale og utføring leikeplassar

Utomhusanlegget skal byggast iht. gjeldande tekniske forskrifter og standardar for fagområdet og krav som er stilt i denne konkurransen. Tilbydar har generelt ansvar for all prosjektering og utføring innanfor anleggsområdet. Tiltaket er søkepliktig etter plan- og bygningslova.

Apparat og anna leikeutstyr som vert tilbydd i denne konkurransen skal vere sertifiserte og med høg kvalitet, vedlikehaldsfrie eller med lave kostnader for vedlikehald. Entreprenør må oppgje leverandør og produkt som vert tilbydd.

Leikeplassutstyr skal vere iht. EN1176/EN1177 og Forskrift om sikkerheit på leikeplassutstyr. Her under krav til at det ikkje skal vere ubehandla metall.

Det skal ikkje vere produkt eller delar av produkt som er laga av trematerialar. Produkt skal vere aluminium, stål eller høgtrykkslaminat. Alt metall skal vere pulverlakkert og ved bruk av stål skal det vere varmgalvanisert og pulverlakkert.

Det skal ikkje nyttast bly eller andre tungmetallar i galvaniseringsprosessen. Dersom nett består av wire skal desse vere stålforsterka med minimum 6 stålwire rundt ei stålkjerne. Vidare skal wire ha ein UV-bestendig kledning av polyester, som skal vere påført ved varme for å få ein optimal motstand mot slitasje og hærverk.


Kjemikalieavhengige prosessar som trebeskytting, liming og overflatebehandling utførast slik at ingen skadelege stoff slepper ut i naturen. All plast som brukas i produksjonen skal følge dei internasjonale REACH krava, der ingen farlege kjemikaliar vert nytta.

Leveransen av leikeplassutstyr skal vere basert på ISO 14001, som er den offisielle standarden for miljøstyring. Det betyr at miljøperspektivet skal alltid takast omsyn til gjennom heile prosessen, frå design til produksjon.

Produsenten skal kunne dokumentere gode rutinar for resirkulering og gjenbruk. Alle materialane skal kunne verte sortert og resirkulert når apparata ikkje lenger kan nyttast.

Ved eventuell delproduksjon av samarbeidspartnarar skal desse følge ISO 26000-standarden for miljø- og samfunnsansvar.

Tilbydar må vurdere eventuelle behov for masseutskifting samt nytte godkjende fallunderlag tilpassa funksjon til leikeapparata som skal monterast.



Figur 9: Foto frå nabotomta viser god materialstandard (foto: Sunnfjord kommune).

Opparbeiding og utomhusplan skal utformast med god kvalitet i materialbruk, formgjeving med fokus på god detaljering. TE er ansvarleg både for detaljprosjektering og utføring av utomhusplan. Alle skadar som skuldast forsøming, manglande førehandsundersøking eller feil frå totalentreprenøren sin side, må utarbeidast på totalentreprenøren sin rekning. Totalentreprenøren må ta omsyn til eventuelt eksisterande el-/ tele-/ vas- og avløpsanlegg på/ved anlegget og må sjølv innhente graveløyve, dersom dette er aktuelt.

Leilegheitsbygget i Langebuvegen 23-25 har opparbeidd småbarnsleikeplass. Materialstandarden her er retningsgjevande for den standarden som er ønska på kvartalsleikeplassen.




Figur 10: Eksempel på gjenbruk av materiale frå Gartnerløkka i Oslo (foto: SOLA AS)

### 3.4 Leikelandskap



Figur 11: Eksempel på leikeplass i Stavanger (foto: Bekkevold og Tønnesen)



Figur 12: Eksempel på overbygd leikeareal i Trondheim (foto: Julie Daling)

### 3.5 Inngjerding

Sona for lek og opphald må vere tilstrekkeleg sikra mot arealet der bussar skal parkere bak Sunnfjord hotell (sjå fig.5). Det kan vere eit enkelt gjerde, men krav til tryggleik må vere ivaretatt.

### 3.6 Universell utforming

Når ein leikeplass skal tilretteleggast for alle, er det avgjerande at ein sikrar tilgjenge og tryggleik for alle brukargrupper uansett funksjonsnedsetting. Tilkomsten til leikeplassen må vere tilrettelagt i høve stigning og krav til ledelinjer (sjå krava i TEK17 kap.8).

### 3.7 Lysanlegg

Totalentreprenør må vurdere om eksisterande belysning i området er god nok for å ivareta sikkerheita og tryggleik ved mørke årstider iht. TEK 17 §8-3. Totalentreprenøren skal beskrive den valde løysinga og begrunne/dokumentere denne.



Figur 13: Plassering av dagens lysmaster kring leikeplass-arealet (kjelde: kommune kart.com). I tillegg er det lyspullertar langs gangveg frå leilighetsbygget i aust.

### 3.8 Gangveg gjennom området

Det går i dag ein asfaltert gangveg gjennom tomte med breidde 2,5 m. Denne skal behaldast og tilpassast ny situasjon.

### **3.9 Vatn og overvasshandtering**

Areal, vegar og plassar skal arronderast slik at overflatevatn som ikkje vert direkte infiltrert vert leia til sandfangkummar m/rist og vidare til overvassleidning eller til opa kjelde. Overvatn skal handterast mest mogeleg på eigen grunn, med bruk av infiltrasjon eller ved tilkopling til eksisterande eller kommunalt nett iht. Regelverk. Entreprenør skal utarbeide detaljplan for overvasshandtering.

## **4 Park og Hage**

Bruk av allergiframkallande vegetasjon og framande artar skal unngåast. Plantar skal ha god kvalitet og Vekstjord for tre skal tilfredsstille plantane sine behov og skal ha god kontakt med underlaget. Tjukne for jord under tre skal vere min. 100 cm ( 40 cm for busker ) og 3 m<sup>3</sup> for kvart tre. All jord skal vere gjødsla og kalka.

## **5 Opsjon drift og vedlikehald**

Drift og vedlikehald av anlegget i 2 år skal tilbydast som opsjon. Som minimum skal det tilbydast tilsyn av leikeplassen to gongar i året med kontroll av tilstand og sikkerheit. Drifta må sørge for vatning i tørre periodar og luking av ugras. Det skal også medreknast etterfylling av jord og ev. markdekke, utskifting av visna plantar. Eventuelt vedlikehald av installasjonar. Pris skal førast inn i vedlegg V03.prisskjema.